

Retningslinjer for kraftutbyggingsfondet – bunde driftsfond – for opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv i Skjåk kommune

1. Formål/Bakgrunn

1.1. Utbygging av Øyberget og Framruste kraftverk.

Med heimel i løyve gjeve i kongeleg resolusjon dagsett 08.06.01, fekk Opplandskraft DA og Tafjord Kraftproduksjon AS løyve til å bygge ut Øvre Otta (Framruste/Øyberget). Skjåk kommune vart i kapittel 8 punkt V tilkjent eit årleg beløp til opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv. Dette galdt frå og med det året konsesjon vart gjeven (2001). Beløpet er opphavleg på kr. 20.000,- og skal justerast etter dei tidsinterval lova bestemmer.

1.2. Overføring av Breiddalsvatnet til Raudalsvatnet

Med heimel i løyve gjeve i Stortingsproposisjon nr. 49 (2004-2005), godkjend i statsråd 18.03.05, fekk Glommens og Laagens Brukseierforening i samband med handsaming løyve til å bygge overføring av Breiddalsvatnet til Raudalsvatnet i Skjåk kommune. Skjåk kommune vart i kapittel 8 punkt V tilkjent eit årleg beløp til opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv. Dette galdt frå og med det året konsesjon vart gjeven (2005). Beløpet er opphavleg kr.50.000,- og skal justerast etter dei tidsinterval lova bestemmer.

2. Disponering av fondet

2.1. Bruken av midla, inkludert renter av fondet, skal regulerast gjennom desse reglane fastsett av kommunestyret, med heimel i løyve som er gjeve konsesjonærane. Fond, som blir utbetalt ein gong i året frå konsesjonærane, skal førast til inntekt på ein eigen konto i kommunen. Udisponerte middel, inkludert tilskot til reserven, skal overførast bunde driftsfond ved slutten av året.

2.2. Det organ som til kvar tid har det politiske ansvaret for jakt/fiske/friluftsliv i kommunen skal kvart år, i saks form, tilrå bruken av fondet ut frå eige tiltak eller etter vurdering av innspel frå enkeltpersonar, verksemdar eller organisasjonar. Saka går vidare til formannskapet som løyver midla. Alle aktuelle tiltak bør vurderast samla ein gong i året.

3. Bruk av fondet

3.1. Fond kan brukast til opphjelp av tiltak som kjem inn under område fiske, vilt og friluftsliv. Midla skal fortrinnsvis brukast til investeringstiltak. Berre i sterkt avgrensa tilfelle kan midla brukast til drift og da i eit kortare tidsrom som er nærare definert gjennom eit eige prosjekt. Eit slikt prosjekt er ein aktivitet som er avgrensa frå dei aktivitetane ein organisasjon/gruppe vanlegvis gjennomfører, er avgrensa i tid og har eit klart mål for kva ein ynskjer å ha oppnådd når prosjektperioden er over. Midla kan også bli brukt til kompetanseheving gjennom til dømes kurs / seminar / foredrag.

3.2. Udisponerte middel, inkludert tilskot til reserven, skal overførast bunde driftsfond ved slutten av året.

3.3. For fond punkt 1.1 skal tiltak som kjem friluftslivet til gode nyttast etter nærare reglar gjeve av Miljødirektoratet (tidlegare MD).

4. Godkjenning

Desse retningslinjene er godkjent i Skjåk kommunestyre 20.12.05, sak 065/05. Retningslinjene trer i kraft straks. Retningslinjene er endra av Skjåk kommunestyre 21.11.19, sak 2019/1038-1.